

Valdeltaking i Vestland

Vestlandsanalyse 2024/01

Innhold

Innleiing	4
Valdeltaking i Vestland og Noreg	6
Stortingsval	2
Kommunestyreval	5
Fylkestingsval.....	9
Fylkestingsval i kommunane i Vestland	11
Valdeltaking ved fylkestingsval 2023	13
Valdeltaking og kjønn	17
Valdeltaking og alder	19
Valdeltaking og innvandring	25
Valdeltaking og utdanningsnivå	27
Valdeltaking arbeidsstyrkestatus	30
Går valdeltaking i arv?	31
Stemmerett	33

Førehandsstemmer i prosent	39
Noreg i eit internasjonalt perspektiv	40
Samfunnsengasjement blant ungdom i Vestland	43
Vedlegg.....	45
Vedlegg 1: Valdeltaking ved fylkestingvalet delt på regionnivå	45

Innleiing

Vestlandanalyse 2024/01 er eit analysenotat som beskriv utvikling over tid i valdeltaking i Vestland.

Kvifor

Det er interessant å følge utviklinga i valdeltaking over tid av ulike grunna¹.

- 1) Valdeltaking er eit uttrykk for helsetilstanden til demokratiet; eit uttrykk for grada av politisk engasjement og involvering i befolkinga generelt.

Som eit mål på deltaking og engasjement i samfunnet² er valdeltaking ein indikator i folkehelseinstituttet sitt folkehelsebarometer. Valdeltaking er ein av fleire indikatorar som kan måla kor godt skodd lokalsamfunnet er til å arbeide med folkehelse. Valdeltaking kan vere uttrykk for grada av sosial kapital i eit samfunn – som igjen kan vera ei viktig kjelde til helse³.

- 2) Høy valdeltaking gir eit tydeleg mandat til valde politikarar og legitimitet til politiske avgjerder og til det demokratiske representative styresettet.

¹ Notat «Hvilken valgordning får flest velgere til å stemme? Om sammenhengen mellom valgordningar og valgdeltakelse» av Johannes Bergh og Atle Haugsgjerd: https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/blogs.dir/281/files/2018/10/Hvilken_valgordning_far_flest_velgere_til_a_stemme_Bergh_og_Haugsgjerd.pdf

² Norgeshelsa statistikkbank. Begrunnelse for valg av indikator «Valgdeltakelse», norgeshelsa.no

³ NIBR-rapport 2024:23 «Tilnærmingar, modeller og verktøy i oversiktsarbeidet. En kunnskapsoppsummering»: <https://www.kommunetorget.no/globalassets/verktoy-oversiktsarbeid-2014-nibr2.pdf>

- 3) Høy valdeltaking kan bety lik valdeltaking på tvers av grupper, og dermed også lik politisk innverknad

Låg valdeltaking kan vere eit demokratisk problem, men h y valdeltaking er ikkje et m al i seg sj lv. Demokrati med sv ert h g valdeltaking er gjerne kjenneteikna av spenningar og konflikhtar. Moderat valdeltaking kan tolkast som eit utrykk for at folk stort sett er forn gde og de difor ikkje finn det n dvendig   stemma for   f  endringar. Men det er grunn til bekymring viss det er store forskjellar i valdeltakinga mellom ulike grupper i samfunnet. Da blir resultat   eit val ikkje representativt⁴.

Korleis


Analysenotatet er utarbeida med bruk av offentleg tilgjengeleg statistikk fr  Statistisk sentralbyr  (SSB) og folkehelseinstituttet sitt folkehelsebarometer.

Notatet er utarbeida i april 2024 av seksjon for plan, klima og analyse, avdeling for n ring, plan og innovasjon, Vestland fylkeskommune.


⁴ SSB ANALYSE 2019/05: VALGDELTAKEELSE VED STORTINGSVALG 1969-2017 «Lav valgdeltakelse blant unge voksne»: <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/lav-valgdeltakelse-blant-unge-voksne>

Valdeltaking i Vestland og Noreg

I Noreg er valdeltaking generelt høgast ved stortingsvalet og lågast ved fylkestingsvalet (Figur 1 - Valdeltaking i Norge 2001-2023 ved stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval. Kjelde: SSB tabell 08243, 09476 og 09475.Figur 1). Same tendens gjeld for Vestland (Figur 2).



Figur 1 - Valdeltaking i Norge 2001-2023 ved stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval. Kjelde: SSB tabell 08243, 09476 og 09475.




Figur 2 - Valgdeltaking i Vestland (inkl. Sogn og Fjordane og Hordaland) 2001-2023 ved stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval.
 Kjelde: SSB tabell 08243, 09476 og 09475.

Stortingsval


Valgdeltaking ved stortingsvalet har på nasjonalt nivå de siste mange år lagt mellom 75 % og 78 %. Sidan 2013 har valgdeltakinga i både Hordaland og Sogn og Fjordane vore

høgare enn landet. Ved stortingsvalet i 2021 var valdeltaking 77,2 % for heile landet og 79,9 % for Vestland (Figur 3).



Figur 3 - Valdeltaking ved stortingsval i Vestland og Norge 2001-2021. Kjelde: SSB tabell 08243 og Norgeshelsa statistikkbank.

Valdeltaking er ein indikator i folkehelseinstituttet sitt folkehelsebarometer⁵. Ved stortingsvalet i 2021 var Vestland eit av 5 fylkar i landet som låg betre ann enn landsnivået. Det var 6 fylkar som la dårlegare ann enn landsnivået (Figur 4). 34 av kommunane i Vestland låg betre ann enn landsnivået, 8 kommunar var lik landsnivået og berre ein kommune ligg dårlegare ann enn landsnivået (Figur 5).



Figur 4 - Figur 4 – Skjermdump frå folkehelsebarometer for Vestland 2022 som viser alle fylka (grøn) som ligg signifikant betre ann enn landsnivået på indikator «Valdeltaking ved stortingsval 2021» og alle fylka som ligg signifikant dårlegare an enn (raud). Kjelde: Vestland fylkeskommune: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/folkehelsebarometer-vestland/>


⁵ <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

16) Valdeltaking, Stortingsval



Tal kommunar
per kategori:

34
Grøn
8
Gul
1
Raud
0
Grå




Figur 5 - Skjermdump frå folkehelsebarometer for Vestland 2022 som viser kva kommunar som ligg signifikant betre (grøn) eller dårlegare (raud) an enn landet, og kva kommunar som ikkje er signifikant forskjellig (gul) på indikator «Valdeltaking ved stortingsval 2021». Kjelde: Vestland fylkeskommune:

<https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/folkehelsebarometer-vestland/>

Kommunestyreval

Valdeltaking ved kommunestyrevalet har på nasjonalt nivå dei siste år lagt mellom 59 % og 65 %. Vestland (inkl. Hordaland og Sogn og Fjordane) ligg høgare enn landet (Figur 6).

Ved kommunestyrevalet i 2023 var valdeltaking 62 % for heile landet og 65 % for Vestland.




Figur 6 - Valdeltaking ved kommunestyreval i Vestland og Norge 2003-2023. Kjelde: SSB tabell 09475.

Valdeltaking er ein indikator i folkehelseinstituttet sitt folkehelsebarometer⁶. Ved kommunestyrevalet i 2023 var Vestland eit av 6 fylkar i landet som låg betre ann enn

⁶ <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

landsnivået. 9 fylkar låg dårlegare ann enn landsnivået (Figur 7). 36 av kommunane i Vestland låg betre ann enn landsnivået, 6 kommunar var lik landsnivået og berre 1 kommune låg dårlegare ann enn landsnivået (Figur 8).

Ved kommunestyrevalet i 2019 var 36 av kommunane i Vestland betre enn landsnivået, 4 kommunar var lik landsnivået og 3 kommunar var dårlegare ann enn landsnivået (Figur 9).




Figur 7 - Skjermdump frå folkehelsebarometer for Vestland 2024 som viser alle fylka (grøn) som ligg signifikant betre ann enn landsnivået på indikator «Valdeltaking ved kommunestyrevalet 2023» og alle fylka som ligg signifikant dårlegare an enn (raud). Kjelde: Vestland fylkeskommune: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/folkehelsebarometer-vestland/>

18) Valdeltaking


Tal kommunar
per kategori:

36
Grøn
6
Gul
1
Raud
0
Grå



Figur 8 - Skjermdump frå folkehelsebarometer for Vestland 2024 som viser kva kommunar som ligg signifikant betre (grøn) eller dårlegare (raud) an enn landet, og kva kommunar som ikkje er signifikant forskjellig (gul) på indikator «Valdeltaking ved kommunestyrevalet 2023». Kjelde: Vestland fylkeskommune:

<https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/folkehelsebarometer-vestland/>




Figur 9 - Skjermdump frå folkehelsebarometer for Vestland 2020 som viser kva kommunar som ligg signifikant betre (grøn) eller dårlegare (raud) an enn landet, og kva kommunar som ikkje er signifikant forskjellig (gul) på indikator «Valdeltaking ved kommunestyrevalet 2019». Kjelde: Vestland fylkeskommune:

<https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/folkehelsebarometer-vestland/>

Fylkestingsval

Valdeltaking ved fylkestingsvalet har på nasjonalt nivå de siste mange år lagt mellom 55 % og 60 %. Vestland ligg høgare enn landet (Figur 10).


Ved fylkestingsvalet i 2023 var valdeltaking 58 % for heile landet og 61 % for Vestland.



Figur 10 - Valdeltaking ved fylkestingsval i Vestland og Norge 2003-2023. Kjelde: SSB tabell 09476.

Fylkestingsval i kommunane i Vestland

Valdeltaking ved fylkestingvalet har gjennom åra variert mellom 50 % og 70 % i kommunane i Vestland (Figur 11).




Figur 11 – Valdeltaking ved fylkestingsvalet i kommunane i Vestland 1979-2023. Berekna ut frå tal stemmeføre og tal godkjende stemmer. Figuren gjer eit bilde av variasjon mellom kommunane over tid, men ikkje ein detaljert innsikt per kommune. Sjå vedlegg 1 for valdeltaking ved fylkestingsvalet delt på regionsnivå. Kjelde: SSB tabell 09476.

Valdeltaking ved fylkestingsval 2023

Figur 12 og Figur 13 viser valdeltaking i kommunane i 2023 sortert frå høg til låg, samanlikna med resultat frå 2019. Fleire kommunar hadde høgare valdeltaking i 2019 enn 2023.


Figur 14 viser at det ikkje er nokon klar samanheng mellom valdeltaking og kommunestørrelse.

Valdeltakning ved fylkestingsvalet i Vestland 2019 og 2023




Figur 12 - Del 1: Valdeltaking ved fylkestingsvalet i kommunane i Vestland 2019 (blå) og 2023 (raud). Sortert frå høg til låg på 2023-tala. Kjelde: SSB tabell 09476.

Valdeltakning ved fylkestingsvalet i Vestland 2019 og 2023



Figur 13 - Del 2: Valdeltaking ved fylkestingsvalet i kommunane i Vestland 2019 (blå) og 2023 (raud). Sortert frå høg til låg på 2023-tala. Kjelde: SSB tabell 09476.

Valdeltakning ved fylkestingsvalet i 2023 og kommunestørrelse (innbyggjartal 01.01.2023)




Figur 14 - Valdeltaking ved fylkestingsvalet 2023 i kommunane i Vestland og tal innbyggjarar per 01.01.2023. Bergen kommune er ikkje med i visninga (Innbyggjarar: 289.330, valdeltaking: 61,3 %). Kjelde: SSB tabell 09476 og 07459.

Valdeltaking og kjønn


I offentlig tilgjengelig statistikk fra SSB er statistikk på valdeltakning delt på kjønn berre tilgjengelig for kommunestyre- og fylkestingsvalg samla.

Både i Vestland og i landet generelt er valdeltaking litt høgare hos kvinner enn hos menn. Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Vestland i 2023 var valdeltaking hos kvinner 67,5 % og hos menn 62,9 % (Tabell 1). Det har ikkje alltid vore slik, men sidan 1980-årene har menn hatt lågare valdeltaking enn kvinner (Figur 15 og Figur 16).

Tabell 1 - Valdeltaking ved kommunestyre-, fylkesting- og stortingsvalet.					
Kjelde: SSB tabell 12812.					
Valdeltaking		Kommunestyre- og fylkestingsvalet		Stortingsvalet	
		2019	2023	2017	2021
Vestland	Begge kjønn	68,0	65,2		79,9
	Menn	65,3	62,9		78,2
	Kvinner	70,8	67,5		81,6
Noreg	Begge kjønn	64,8	62,4	78,2	77,2
	Menn	62,3	60,3	76,7	75,6
	Kvinner	67,2	64	79,7	78,7



Figur 15 - Valdeltaking i Norge ved stortingsvalet delt på kjønn. Kjelde: SSB tabell 11590.



Figur 16 - Valdeltaking i Norge ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på kjønn. Kjelde: SSB tabell 13151.

Valdeltaking og alder

I offentlig tilgjengelig statistikk frå SSB er statistikk på valdeltakning delt på alder berre tilgjengelig for kommunestyre- og fylkestingsvalg samla.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Vestland i 2019 og 2023 var valdeltakning høgast i aldersgruppa 67-79 år (om lag 80 %), og lågast i aldersgruppa 20-24 år (om lag 50 %) (Figur


17). Same mønster ser ein på nasjonalt nivå ved stortingsvalet (Figur 18).

Figur 19 viser stor variasjon mellom kommunane når det gjeld valdeltakinga delt på alder ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Vestland i 2023, men likevel er der eit mønster der valdeltaking generelt er høgst i aldersgruppa 67-79 år og lågast i aldersgruppa 20-24 år.

Når valdeltakinga er lågare blant dei yngste kan ein lure på om det kan dette føra til ei generelt lågare valdeltaking ved dei kommande vala. Spørsmålet er om forskjellar i livsfase eller forskjellar i generasjonar er årsak til forskjellar i valdeltaking etter alder. Ein analyse til SSB syner at det nok gir eit feilaktig bilete å framskrive valdeltaking blant dagens unge for å føreseia valdeltakinga om 20 eller 40 år. Det er meir sannsynleg at ein livsfaseforklaring er årsak til forskjellar i valdeltaking etter alder. Personar i 20-åra er i større grad i ein overgangsfase i livet og har mindre interesse for politikk. Det er difor all grunn til å tru at valdeltakinga vil gå opp for dagens unge når dei blir eldre. Men det er slett ikkje sikkert at dagens unge vil stemma i like stor grad når dei blir mellom 60 og 80 år, slik som me ser dagens eldre gjer⁷.


⁷ SSB ANALYSE 2019/05: VALGDELTAELSE VED STORTINGSVALG 1969-2017 «Lav valgdeltakelse blant unge voksne»: <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/lav-valgdeltakelse-blant-unge-voksne>

Valdeltakning ved kommunestyre- og fylkestingsvalget delt på alder - Vestland




Figur 17 - Valdeltakning i Vestland ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på alder. Kjelde: SSB tabell 12812.

Valdeltaking ved stortingsvalet delt på alder - Norge



Figur 18 - Valdeltaking i Norge ved stortingsvalet delt på alder. Kjelde: SSB tabell 11581.

Valdeltakning ved kommunestyre- og fylkestingsvalget i kommunane i Vestland delt på alder



Figur 19 - Valdeltaking i kommunane i Vestland ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på alder. Kjelde: SSB tabell 12812.

Faktaboks: 10 tiltak for å auke unges politiske deltaking

- 1) 16-åringar får stemmerett til lokalvalet
- 2) Veljarar skal kunne stemme i ein annan kommune enn den dei er folkeregistrert i også på valdagen
- 3) Veljarar skal også kunne gi personstemmer når de førehandsstemmer i lokalval
- 4) Personstemmer får større betydning i stortingsval
- 5) Vallokale leggjast der mange unge opphelder seg, til dømes utdanningsinstitusjonar
- 6) Alle unge får en påminning om valet på SMS i forkant av valdagen
- 7) Støtta til valinformasjon og haldningsskapande arbeid aukast
- 8) Skoleval blir obligatorisk på videregående skoler
- 9) Opplæringa i demokrati og medborgarskap kjem tidlegare i skoleløpet og i fleire fag, og legg vekt på at medborgarskap også er ein praktisk ferdighet
- 10) Ungdomsråd blir obligatorisk i alle kommuner og at råda er sjølvstendige, representative og kontinuerlege, og har tilstrekkeleg informasjon og kompetanse til å drive reell medverking

Kjelde: «På vei mot et demokratisk utenforskap? Unge stemmer 2017» LNU ved Gabrielle L. Gjerdsset og Andreas Borud. Oversett til nynorsk av Vestland fylkeskommune.

Valdeltaking og innvandring


I offentlig tilgjengelig statistikk frå SSB er statistikk på valdeltaking delt på innvandningskategori berre tilgjengeleg for kommunestyre- og fylkestingsval samla.

Valdeltaking er eit viktig bidrag til, og kan brukast som ein indikator på integrering. Veljarar med innvandrarbakgrunn stemmer ikkje i like stor grad som resten av befolkninga. Dette biletet endrar seg ikkje sjølv om bakgrunnsfaktorar som landsbakgrunn, innvandningskategori, utdanning, sysselsetjing og alder blir tekne omsyn til⁸.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Vestland i 2019 og 2023 var valdeltaking lågast bladt utanlandske statsborgarar (23 %-27 %). Norske statsborgarar med innvandre bakgrunn (både norskfødde og innvandrarar) har lågare valdeltakinga (38 %-48 %) enn norske statsborgarar utan innvandre bakgrunn (om lag 70 %) (Figur 20).

⁸ SSB rapport «Innvandrere i Norge 2023»: https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/artikler/innvandrere-i-norge-2023/_/attachment/inline/80cac6c5-0945-4c2c-853d-5b58dba589f5:998a84e25c95b73184abb9db8cd1e7d4308e0697/SA-176_web.pdf

Valdeltakning ved kommunestyre- og fylkestingsvalget i Vestland delt på innvandringskategori: Vestland



Figur 20 - Valdeltaking i Vestland ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på innvandringskategori. Kjelde: SSB tabell 12813.

Valdeltaking og utdanningsnivå


I offentlig tilgjengelig statistikk fra SSB er statistikk på valdeltaking delt på utdanningsnivå berre tilgjengeleg for kommunestyre- og fylkestingsval samla.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Vestland i 2019 og 2023 var valdeltaking høgst i gruppa med universitets- og høgskuleutdanning (om lag 76 %-80 %), og lågast i gruppa med uoppgitt eller ingen fullført utdanning (om lag 20 %) og gruppa med grunnskule som høgaste utdanningsnivå (om lag 50 %-55 %) (Figur 21). Same mønster ser ein på nasjonalt nivå ved stortingsvalet (Figur 22).


Det ser også ut til å vere forskjellar i deltaking mellom ulike typar utdanningsprogram allereie frå skulealder. I eit forsøk med senka stemmerettsalder i 2015 blant 16- og 17-åringar, deltok 72 % på studiespesialiserande utdanningsprogram i valet. På enkelte yrkesfaglege utdanningsprogram var valdeltakinga så låg som 40 %⁹.

⁹ Kjelde: Bergh, J. (red.), Hva skjer når 16-åringar får lov til å stemme? Resultater fra evalueringene av to forsøk med nedsatt stemmerettsalder (Rapport 2016:19). Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Valdeltaking ved kommunestyre- og fylkestingsvalget i delt på utdanningsnivå: Vestland



Figur 21 - Valdeltaking i Vestland ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på utdanningsnivå. Kjelde: SSB tabell 12812.




Figur 22 - Valdeltaking i Vestland ved stortingsvalet delt på utdanningsnivå. Kjelde: SSB tabell 10440.

Valdeltaking arbeidsstyrkestatus

I offentlig tilgjengelig statistikk frå SSB er statistikk på valdeltakning delt på arbeidsstyrkestatus berre tilgjengelig for kommunestyre- og fylkestingsvalg samla.

Arbeidsledige, deltakare på arbeidsmarknadstiltak og mottakarar av arbeidsavklåringspengar/uføretrygd, samt dei under utdanning har lågare valdeltaking enn sysselsette og mottakarar av AFP/alderspensjon (Figur 23).




Figur 23 - Valdeltaking i Vestland ved kommunestyre- og fylkestingsvalet delt på arbeidsstyrkestatus. Kjelde: SSB tabell 13778.

Går valdeltaking i arv?

Ein analyse til SSB gir ein klar indikasjon på at om mor eller far stemde i ei viss grad har noko å seia for om ungdommen sjølv stemmer (Figur 24). Samanhengen gjeld ikkje berre for dei

ynge, men held seg langt opp i 30-åra. Effekten av å bu heime er ikkje eintydig. Meir detaljerte studiar viser at andre forhold som utdanningsnivå til både foreldre og ungdommane kan spela inn¹⁰.



Figur 24 - Skjermdump frå SSB Analyse 2019/05: Valgdeltakelse ved stortingsvalg 1969-2017. Viser valdeltaking for eittårig alder for ungdom med foreldra som stemte og ikkje stemte i stortingsvalet i 2017.

¹⁰ SSB ANALYSE 2019/05: VALGDELTAKEELSE VED STORTINGSVALG 1969-2017 «Lav valgdeltakelse blant unge voksne»: <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/lav-valgdeltakelse-blant-unge-voksne>

Stemmerett

I offentlig tilgjengelig statistikk fra SSB er statistikk på stemmerett berre tilgjengelig for kommunestyre- og fylkestingsval samla.

Ved kommunestyre- og fylkestingvalet i 2023 var det i Vestland 509 200 personar med stemmerett. Det svare til 79 % av alle innbyggane i fylket per 01.01.2023.


8 % av de med stemmerett var utanlandske statsborgarar med stemmerett, 6 % var norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn med stemmerett (personar med to utanlandsfødde foreldre) og 6 % var nye veljarar i alderen 18-21 år grunna oppnådd alder i forhold til forrige lokalvalg (Tabell 2).

Tabell 2: Kommunestyre- og fylkestingsvalget. Beregnet tall for personer med stemmerett.				
	2023			
	Personar med stemmerett i alt	Nye stemmeberettigede grunnet oppnådd alder i forhold til:	Utenlandske statsborgarar med	Stemmeberettigede norske statsborgarar med

		Forrige Stortings valg. 18- 19 år	Forrige lokalv alg. 18-21 år	stemmer ett	innvandrarbe- kgrunn (Personar med to utenlandsfød- te foreldre)
Hele landet	4 356 600	128 600	255 500	358 400	399 600
Østfol- d	249 700	7 500	14 600	18 900	26 800
Akers- hus	557 100	18 200	35 300	59 200	68 700
Oslo	574 000	13 700	28 300	67 400	112 900
Innlan- det	304 000	8 400	16 900	16 800	15 500
Buske- rud	212 900	6 500	12 500	21 100	23 000
Vestfo- ld	203 700	6 100	11 700	15 700	15 600
Telem- ark	142 100	4 100	8 100	8 600	10 200
Agder	248 900	7 800	15 600	16 700	19 300
Rogal- and	377 600	12 300	24 000	33 800	31 100
Vestla- nd	509 200	15 500 (3 %)	31 200 (6 %)	38 400 (8 %)	30 300 (6 %)
Møre og Roms- dal	211 600	6 600	13 100	15 700	9 800


Trøndelag	379 300	11 000	22 300	22 800	19 800
Nordland	192 800	5 500	10 900	10 200	7 400
Troms	134 700	3 800	7 600	8 600	6 000
Finnmark	59 400	1 600	3 400	4 500	3 100
Kjelde: SSB «Personer med stemmerett» https://www.ssb.no/valg/stortingsvalg/statistikk/personer-med-stemmerett					

Gjennom dei siste åra har det vore ein auke i forskjellen mellom personar med stemmerett til kommunestyre- og fylkestingvalet og personar med stemmerett stortingsvalet (Figur 25). Årsaka er ein auke i tal utanlandske statsborgarar som har stemmerett til kommunestyre- og fylkestingvalet men ikkje til stortingsvalet (Figur 26).




Figur 25 - Stemmeberettigte ved kommunsstyre-, fylkesting- og stortingsvalet i Vestland: Kjelde: SSB tabell 07360 og 05453.

Tall personer med stemmerett til kommunestyre- og fylkestingsvalget delt på innvandrerbakgrunn: Vestland



Figur 26 - Stemmeberettigede til kommunestyre- og fylkestingsvalget delt på innvandrerbakgrunn. Kjelde: SSB tabell 05453.

Ein ser og ei auke i personar med stemmerett i aldersgruppa 67 år og over (Figur 27). Denne utvikling er lik den generelle utvikling i samfunna der vi blir fleire eldre.




Figur 27 - Stemmeberettigte til kommunestyre- og fylkestingsvalget delt på alder. Kjelde: SSB tabell 05453.

Førehandsstemmer i prosent

I offentlig tilgjengelig statistikk frå SSB er statistikk på førehandsstemmer berre tilgjengeleg for kommunestyre- og fylkestingsval samla.

Både ved kommunestyre- og fylkestingsvalet og stortingsvalet er det ein auke i førehandsstemmer. Figur 28 viser at det ved fylkestingsvalet i 2023 var 50 % forhandsstemmar.



Figur 28 - Forhandsstemmar i prosent ved fylkestingsvalet i Vestland.
Kjelde: SSB tabell 09476.

Noreg i eit internasjonalt perspektiv

Den internasjonale demokrati- og medborgarskapsundersøkinga (ICCS) har mellom anna målt elevars demokrati- og medborgarkompetanse¹¹.

Undersøkinga vart gjennomført i 2009, 2016 og 2022, og er gjennomført i 23 land. Det er 15 land som har gjennomført undersøkinga alle tre år.

Rapporten konkluderer med at «kunnskap har ein sosial utjamnande effekt på støtte til grunnleggjande demokratiske verdiar, samt at elevane sine evner til å sjå truslar mot demokratiet aukar tydeleg med auka kunnskap (...)» (side 7, eiga oversetning til nynorsk).

Resultata frå Noreg og dei andre landa er samla i neste tabell. Både i 2022 og tidlegare år, har Noreg resultat som er betydeleg over gjennomsnittet for dei andre deltakarlanda.

Mellom 2009 og 2016 hadde Noreg ein positiv utvikling, med ein auke frå 538 til 564 skalapoeng, noko som er blant landa

¹¹ Kjelde: «Ett steg fram og to tilbake. Demokratiforståelse, holdninger og deltakelse blant norske ungdomsskoleelever». The International Civic and Citizenship Education Study (ICCS) 2022. Utarbeidd av Oddveig Storstad, Joakim Caspersen og Christian Wendelborg ved Institutt for lærerutdanning, NTNU og NTNU Samfunnsforskning AS.

med høgast kunnskapsnivå. Resultata frå 2022 indikerer derimot ein negativ trend, der norske elevar i gjennomsnitt oppnår 529 skalapoeng. Vidare viser resultata ei auke i delen elevar som oppnår dei lågare kunnskapsnivåa.

Endringa frå 2016 til 2022 representerer den største tilbakegangen av alle deltakarlanda. Rapporten finn at svekka skolemotivasjon etter 2015 er ein mogleg forklaringsfaktor for utviklinga i Noreg. Det er verdt å merke seg at utviklinga er lik for mange av dei andre landa også (auke frå 2009 til 2016, nedgang frå 2016 til 2022), og at ein difor ideelt sett burde ha fleire datapunkt i serien for å trekke sikrere slutningar om kva veg utviklinga går for Noreg. Det er også ulike land som har vore med, noko som også kan påverke kva land ein samanliknar seg med.

Eit anna viktig funn er at elever med foreldre med universitets- og høgskoleutdanning har høgare kunnskap enn elever kor foreldra manglar dette. Elever med innvandrarbakgrunn skårar lågare enn elever utan innvandringsbakgrunn.

tabell 4.3 Gjennomsnittsskore ICCS-kunnskapsskåla 2009, 2016 og 2022, endringer mellom syklusene for landa deratt ninst to ICCS-sykluser.

	ICCS 2009	ICCS 2016	ICCS 2022	Endring (2009-2022)	Endring (2009-2016)	Endring (2016-2022)
Norge ¹	538	564	529	-9	26*	-35*
Colombia	462	482	452	-10	20*	-30*
Danmark ^{3,4}	576	586	556	-20*	10	-30*
Bulgaria	466	485	456	-10	19*	-29*
Slovenia	516	532	504	-12*	16*	-28*
Nederland ^{2,4}		523	508			-15*
Sverige ¹	537	579	565	28*	42*	-14*
Litauen	505	518	509	4	13*	-9
Latvia ¹	482	492	490	8	10	-2
Estland	525	546	545	20*	21*	-1
Malta	490	491	490	0	1	-1
Italia	531	524	523	-8	-7	-1
Kroatia ^{1,4}		531	531			0
Taiwan	559	581	583	24*	22*	2
Nordrhein-Westfalen (Tyskland)		519	524			5
Polen ⁴	536		554	18*		
Spania	505		510	5		
Slovakia	529		501	-28*		
Kypros	453		459	6		
ICCS GJENNOMSNITT	511	514	508	-3	3	-6

Land med dekning på 90–95 prosent av den nasjonale målgruppen.
 Nådige nesten krav for deltageresrater etter bruk av erstatningsskoler ICCS 2022.
 Møtte ikke IEAs utvalgskrav ICCS 2022.
 Gjennomførte datainnsamlingen med utfylling av papirskjema ICCS 2022.


Figur 29 - Skjermdump frå rapporten «Ett steg fram og to tilbake. Demokratiforståelse, holdninger og deltakelse blant norske ungdomsskoleelever». Tabellen viser korleis utviklinga har vore i dei ulike landa, og om endringa har vore signifikant. Kjelde: The International Civic and Citizenship Education Study (ICCS) 2022, s. 48. Utarbeidd av Oddveig Storstad, Joakim Caspersen og Christian Wendelborg ved Institutt for lærerutdanning, NTNU og NTNU Samfunnsforskning AS.

Samfunnsengasjement blant ungdom i Vestland

I ungdataundersøkinga 2021 var det eit spørsmål om samfunnsengasjement. Resultata frå vidaregåande skule viser at 34 % av ungdommane var svært eller ganske interessert i politikk og samfunnsspørsmål. 19 % hadde deltatt i folkemøte, demonstrasjonstog mm., 7 % var aktiv i eit ungdomsparti, og 6 % var aktiv i ein annan politisk organisasjon. Tala viste store forskjellar mellom kommunane. På spørsmål om å vere interessert i politikk og samfunnsspørsmål varierende svarprosenten frå 14 % til 41 %¹².

¹² Ungdata 2021. Vestlandspakken:

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrljoiYzE3NjhkNDMtMTU5Zi00NDgwLTk4MmQtN2ZiMjFhODQ1Y2U5liwidCI6IjViMTQ5NDViLTBmODctNDBkZC1hY2YzLTViNWUyMWU2ZWlzNiIsImMiOiJh9&pageName=ReportSection7cf7df3200036d5dd6ac>




Figur 30 - Skjermdump frå "Vestlandspakka i vidaregåande skule - utvalde resultat frå Ungdata 2021". Kjelde: Vestland fylkeskommune. Datamaterialet er basert på ungdataundersøkinga gjennomført av NOVA i samarbeid med Korus.


Vedlegg

Vedlegg 1: Valdeltaking ved fylkestingvalet delt på regionnivå


Kjelde: SSB tabell 09476




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Stord




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Sunnhordland




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Indre Hardanger




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Voss




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Midthordland og Bergen




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Nordhordland




Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn



Valdeltaking ved fylkestingvalet for kommunane i Indre Sogn





vestlandfylke.no